




HAREID KOMMUNE



Planstrategi 2020 – 2024

06.10.2020

Godkjent av Hareid
kommunestyre i
møte 22.10.2020,
sak KST – 81/20



Innhaldsliste

- 1.0 Kva er planstrategi?
- 2.0 Føringar og rammer for arbeidet
- 2.1 Nasjonale forventningar
- 2.2 Regional planstrategi
- 2.3 Kommunale føringar
- 2.4 Interkommunalt samarbeid
- 3.0 Plan og styringssystemet til Hareid kommune
- 4.0 Utviklingstrekk og viktige utfordringar i Hareid kommune
- 4.1 Demografisk utvikling i Hareid kommune
- 4.2 Næringsliv og kompetanse
- 4.3 Areal, miljø og klima planlegging
- 4.4 Levekår og folkehelse
- 4.5 Kommunale tenester i Hareid kommune og organisasjonen
- 5.0 Planoversikt og plantiltak for å møte utfordringane



1.0 Kva er planstrategi?

Den kommunale planstrategien er eit dokument som klargjere kva planoppgåver kommune bør starte opp eller rullere vidare for å skape ynskja utvikling i kommunen. Det er slikt sett eit oversiktsverktøy for kommunens folkevalde og tilsette. Planstrategien er heimla i plan og bygningsloven §10-1, og skal utarbeidast og vedtakast seinast eit år etter konstituering av nytt kommunestyre. Ettersom planen er ein strategi er den ikkje juridisk bindande og må ikkje ut på høyring, men må offentleggjerast minst 30 dagar før kommunestyret behandlar strategien.

Hovudføremålet til strategien er å synliggjere kva planoppgåver kommunen skal prioritere i gjeldande valperiode. Dette handlar om å vurdere planbehovet innanfor ulike sektorar i kommunen ved å skissere opp utfordringane og vala kommunen står ovanfor knytt til samfunnsutvikling og arealbruk. Målet med strategien er slikt sett å legge grunnlaget for meir samarbeid, betre ressursstyring og betre oversyn over styringssystemet.

Innanfor planstrategien skal gjeldande planverk og styringsdokumenter evaluerast slik at alle i den kommunale organisasjonen veit kva for nokon planar som skal prioriterast, og som treng oppdatering ved neste rullering. Planstrategien i seg sjølv skal ikkje fastsette konkrete samfunnsmål, men ser tilbake på tidlegare prosessar og vedtak i kommunen for å skissere opp kva som er statusen i kommunen. Ved aktiv bruk av planstrategien som eit verktøy vil utviklinga i kommunen bli meir effektiv ved at fleire aktørar arbeide i same retning og kjennar til kva for nokon faktorar som skal prioriterast.

2.0 Rammer og føringar for arbeidet

Kommunal utvikling er bunden opp mot ein rekke lover og aktørar som alle leggar føringar for arbeidet gjennom ulike krav som stillast nedover den norske styringsmodellen. Plan og bygningslova (PBL) set spesielt krav om utarbeiding av kommunale planstrategiar i kvar valperiode. Den kommunale planstrategien er spesielt omfattande fordi den er knytt til ein rekke ulike planar som opererer innanfor ulike lovverk. Til dømes skal planstrategien innehalde essensen frå dei Nasjonale føringane, essensen frå folkehelse oversikta, og ulike delar av delplanane til kommunen som utgjer kommuneplanen.

2.1 Nasjonale forventningar

Nasjonale forventningar (NF) er eit dokument regjeringa produserer kvart fjerde år for å leie den regionale og kommunale planlegginga i samsvar med statlege ønsker utan at staten grip direkte inn i utviklingsarbeidet på eit lokalt nivå. Dei nasjonale forventningane stakar slik ut utviklingsretninga til kommunar og fylkar. Den siste versjonen av NF er frå 2019 og vert nytta i dette arbeidet. I denne versjonen av NF får berekraft-utfordringa mykje merksemd, og FN



sine berekraftmål vert nytta som ein raud tråd gjennom dei 5 delane. Mellom anna står det at:

Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftsmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Det er derfor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns – og arealplanlegginga.

Disse 17 måla inneheld mellom 5 og 12 delmål kvar og dekkjer ein rekke aspektar knytt til naturen og samfunnet. I Hareid kommune har det vore eit aukande fokus på berekraftssatsing og omstilling dei seinaste åra, spesielt knytt til tap av arbeidsplassar. For å nå dei ulike delmåla vektlegg Hareid kommune mål 17 om: *samarbeid for å nå måla*. Sidan open kommunikasjon gjer det enklare å lage strategiar som eit mangfald av aktørar i ulike næringar og partnarskap kan stille seg bak og arbeide for, både i privat og offentleg sektor.



Figur 1: FNs 17 berekraftsmål for 2030. Kjelde: fn.no

Regjeringa har ført opp 4 hovudutfordringar som dei peikar på som naudsynte for kommunar og regionar å følgje opp, desse er:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle



Dette er komplekse utfordingar som kommunane bør sjå i lys av den lokale konteksten dei operer med for å få klarheit i kva for nokon områder deira kommune kan betre. I forordet vert det presisert at planlegging er eit av dei viktigaste verktøya vi har, og at alle kommunar, uavhengig av storleik og kompetanse har ein sentral rolle i den lokale handteringa av desse utfordingane.

Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling

Regjeringa presiserer i NF at planlegging er eit effektivt og godt styringsverktøy for berekraftig samfunnsutvikling, og at kommunar gjennom deira auka handlingsrom har fått større ansvar for å ta hand om nasjonale interesser knytt til den framtidige berekraftsatsinga. Regjeringa har med dette innsett at omsetting treng lokalt skjønn, og har gjennom ulike lovendringar gitt blant anna kommunar fridom til å utøve tiltak med lokal tilpassing. På denne måten er kommunikasjon og medverknad med lokalbefolking eit essensielt punkt for ein meir berekraftig og effektiv utvikling i åra framover.

Lokalbefolkinga og næringslivet gjev informasjon og forståing for det rammeverket som kommunane må arbeide innanfor, og kommunane treng dei lokale perspektiva og ideane frå innbyggjarane for å kunne implementere lokalt tilpassa tiltak som gjer ynskja effekt og som bidrar i det regionale og nasjonale arbeide. For at desse planprosessane skal verke effektivt treng kommunane ein velorganisert internorganisasjon, og eit system med eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om dei lokale forholda. Mykje av dette arbeidet handlar om å ha gode internrutinar for rullering av ulike planar slik at ein følgjer dei retningslinene og prosessane som PBL legger opp til. Opererer kommunar innanfor denne lovnaden vert planleggingsverktøya meir effektive, og gjennomføringsevna innan både areal- og samfunnsplanlegginga kan auke. Heilskapen til den kommunale planlegginga kan slik bli heva, noko som til dømes kan lede til betre utforma offentlege rom der private aktørars interesser ikkje går på kostnad av fellesskapets interesser.

Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet

Eit kritisk punkt for fleire av hovudutfordingane ovanfor er lokal vekst i kommunar over heile landet. Økonomisk berekraft kan gi mange utviklingsgodar dersom leiarane er samstemte om at dei skal nyttast på å styrke lokalsamfunna og – befolkninga.

Velferdssamfunnet er spesielt avhengig av at verdiar vert skapt og at personane som utgjer arbeidskrafta er sysselsette i eit mangfold av næringar. For å sikre vekst treng kommunane fleire bein å stå på. Dei treng som regjeringa ytrar: "*gode rammevilkår for eit mangfoldig og konkurransedyktig næringsliv*". Strategisk lokal og regional planlegging er eit avgjerande verkemiddel for å sikre mangfoldig næringsaktivitet og økonomisk tryggleik for både innbyggjarane og kommunen. Ei rekkje forhold spelar inn på kva for nokon næringar den enkelte kommune bør satse på, og her er det behov for lokale vurderingar som sikrar at både dei private og offentlege instansane er samstemte om satsingsområda i kommunen.



Samspelet mellom desse aktørane er viktig fordi det er desse som sysselset befolkninga og som utviklar lokalsamfunna både indirekte via kjøpekraftsvekst og direkte via prosjekter som endrar utforminga og uttrykket til krinsane i kommunane. Det er ynskjeleg å skape ein heilskap i denne utforminga sidan dette gjer det enklare å skape eit resilient samfunn. Noko som tyder at samfunnet kan motstå hyppig endringar av både naturleg og politisk karakter, men også at samfunnet er konstruerert på ein adaptiv måte slik at det kjapt kan førast tilbake til sin originale tilstand. Dette gjerast til dømes gjennom planarbeid og strategiar som sikrar ulike verdiar i samfunnet ved at ulike scenario og tiltak kjapt kan settast i verk etter behov. Slik planlegging gjev tryggleik for innbyggjarane og næringane som kommunen arbeider saman med i berekraftsarbeidet.

Berekraftig areal- og transportutvikling

Regjeringa helde fram at dei ynskjer å bygge ut samferdselsnettet i heile Noreg, mellom anna for å kunne trygge transport av varer frå ulike primærnæringar som dei ulike regionane ynskjer å vidareutvikle i ein berekraftig retning. Denne utviklinga inngår slik sett i berekraftsarbeide ved at ein først sikrar økonomisk berekraft og tryggleik for næringane, kommunane og innbyggjarane. Noko som vidare sikrar eit overskot til lokalt berekraftarbeid innan kommunanes tenesteområder og blant dei private hushalda i kommunen. Gjennom transportplanlegginga vil også vanene til innbyggjarane kunne endrast ved at knutepunktstrategiar for kollektivtrafikk vert veklagt saman med effektiv næringstransport. Slike tiltak vil på kommunalt nivå gi mindre byspreiing, mindre persontransport og betre næringsårer for blant anna fiske- og havindustrien. Eit viktig prinsipp for slik knutepunktutvikling er at kommunane nyttar heilskaplege planar slik at dei saman med tilgrensande kommunar kan samarbeide om å skape eit betre transportnettverk i eit regionalt perspektiv.

Byar og tettstadar der det er godt å bu og leve

Det eksisterer ein rekke grunnar til at dette er ein prioritering innan NF. Den mest synlege grunnen er at 82% av befolkninga per 2019 bur i byar og tettstadar. Noko som tyder på at tiltak i dessa områdane har stor verknad på store deler av befolkninga nasjonalt sett. Ein annan viktig grunn til at dette fokuset handlar om folkehelse, som har fått ein aukane rolle innan den kommunale planlegginga i seinare år. Folkehelsa er eit viktig aspekt å ta omsyn til i den kommunale planlegging sidan den er avgjerande for produksjonseffektiviteten og tryggleiken til dei næringane som kommunane satsar på. Psykiske og fysiske plagar er noko som kommunane, via folkehelselova, aktivt skal førebygge ved å sikre dei menneskelege ressursane som innbyggjarane utgjer i samfunnet. Gjennom førebygging av slike plager og sjukdomar kan samfunnsinvesteringa, som enkeltpersonar er, takast i vare og nyttast i ei lengre periode. I eit større perspektiv leiar dette til innteningar for kommunane, men desse innteningane gjer seg berre gjeldande for den enkelte kommune dersom desse personane trivast på staden der dei bur og arbeide. Difor treng kommunane også samfunnsplanar som



tek opp ulike forhold som er viktige for menneskjers aktivitet og samspel i samfunnet. Desse forholda kan delas opp i fysiske og sosiale aspekt som spelar inn på kvardagen til innbyggjarane, til dømes det fysisk opplevde miljøet dei sansar i kvardagen. Her spelar kvaliteten og utforminga på desse miljøa stor rolle for vala som dei enkelte føretek seg dagleg. Vidare er det sosiale miljøet ein essensiell del av folks trivsel i eiga kvardag. Utan eit aktivt sosialt nettverk tileignar folk seg kjapt usunne vanar og rutinar som kan ha negativ påverknad for folkehelsa. Eit premiss for å byggje og ta vare på sosiale nettverk er tilpassing av offentleg rom og kulturelle tilbod frå både offentlege og private aktørar. Felles for alle desse forventningane er at dei skal styrke kommunane i ei usikker framtid ved å sikre samfunnsinteresser i form av både menneskelege, naturelle og næringstilknytte verdiar.

2.2 Regional planstrategi

I Møre og Romsdal fylkeskommune sin regionale planstrategi for 2020 – 2024 vert det fremja fire langsiktige utviklingsmål for regionen. Desse omhandlar visjonar om at fylket skal bli eit samarbeid-, miljø-, verdigskapnings-, inkluderings- og eit kompetansefylket. Dette er store visjonar som handlar om å sikre regionens muligheter i framtida gjennom ein satsing som gjer drifta innan fylket meir berekraftig. For å kunne danne strategiar til å gjennomføre desse visjonane presenterer den regionale planstrategien dei viktigaste utviklingstrekka, utfordringane og planspørsmåla som finnes i fylket. Dette arbeidet føregår også innanfor dei nasjonale forventningane, og fungerer slik sett som ein plattform som tilpassar dei nasjonale visjonane til det aktuelle fylket.

Samarbeidsfylket Møre og Romsdal

Samarbeid ligg godt forankra i både berekraftmåla til FN, spesielt mål nummer 17, og dei visjonane som presentearast i NF frå 2019. Møre og Romsdal har difor lagt opp til ein satsing på tette og forpliktande samarbeid mellom både kommune og fylkeskommune, men også med dei private aktørane. Gjennom god informasjonsflyt vil samarbeid gje regionen ein fordel i den nasjonale og internasjonale næringskonkuransen ved at alle aktørane kjennar måla, og si rolle i strategiane for å nå dei. Fylkeskommunen meinar det ligg eit stort potensial i ein slik satsing, og at strategiar som bygg opp nettverk, kunnskapsklyngar og partnarskap vil trygge drifta til kommunane i framtida ved å fremme økonomisk tryggleik, vekst og generell næringsinnovasjon i alle delane til regionen. Auka samarbeid er slikt sett eit premiss for fleire strategiar som tar sikte på å handtere og hindre framtids-utfordringar som klima- og demografiendringar kan skape.

Miljøfylket Møre og Romsdal

For å bli miljøfylket vektleggst berekraftmål 6, 13, 14 og 15 som viktige utfordringar for regionen Møre og Romsdal. Desse måla er ambisiøse og krevjande, men viktige for å trygge regionens verdiar, interesser og innbyggjarar dei kommande tiåra. Hovudsakleg er



utfordringane til desse berekraftmåla knytt til dei fysiske ressursane i havet og på land, og korleis desse kan vernast mot klimaendringane. Møre og Romsdal meiner at fylket har ei rekkje moglegheiter til å vekse i innanfor mellom anna den blå-grøne bioøkonomien, som omhandle havdyrkning av både mat og drivstoff mellom anna. Om fylket skal lykkast med dette arbeidet treng dei oppdaterte og digitale arealplanar frå alle kommunane i regionen slik at heilskaplege strategiar og produktive partnarskap kan dannas. For slike omfattande strategiar må ha omsyn over ein rekkje forhold som kan påverke lokalsamfunna medan disse kan påverke effektiviteten.

Inkluderings- og kompetansefylket Møre og Romsdal

Møre og Romsdal ynskjer å vere eit attraktivt fylke som trekk til seg eit mangfald av menneske både nasjonalt og internasjonalt. Difor har fylket valt å setje opp dette store og langsigte målet som omhandlar mange aspekt som er knytt til innbyggjarane sin trivsel og kvar dag. Strategiane innanfor dette målet set sitt fokus på fleire berekraftsmål og set dei i ein lokalt tilpassa kontekst. Dei legg vekt på inntekt, utdanning, rettferdigheit, lokal miljø, helse, vaner og moglegheita som den enkelte innbyggjar opplev i sin kvar dag. Strategiar knytt til dette inngår i dei fleste sektorar i samfunnet og krev grundig kartlegging og planlegging på kommunalt nivå for å bli handtert effektivt. Til dømes treng strategiane å vektleggje næring og arbeidstakars rettigheitar. Dei bør inkludere utdanningsstrategiar for å heve kompetansenivået, folkehelsa og hindre fordommar knytt til legning, kjønn, trosretning og etnisitet, samt berekraftsstrategiar som omhandla tiltak både offentleg og privat i kvar enkelt kommune.

Verdiskapingsfylket Møre og Romsdal

Møre og Romsdal har visjonar om å bli ein leiande region innan næringslivet internasjonalt og eit ynskje om å utvikle ein innovativ offentleg sektor. Dette målet dreier seg om å skape verdiar i fylket som er knytt til ein rekkje marknadar som gjer arbeidslivet i regionen attraktivt ved å tilby trygge, leiande og innovative arbeidsplassar. For å gjennomføre dette treng regionen å auke tilrettelegginga av forskingsinstitusjonar, og satse på strategiar for å skape innovasjonsaktivitet innan både offentleg og privat sektor. Eit fellestrekks ved alle desse strategiane er at dei må omfamne berekrafttematikken ved å vere ein del av omstillinga slik at veksten i regionen vert berekraftig og robust i møte med framtidige endringar.

Til saman med dei andre tre måla til fylkeskommunen vil regionen skape tryggheit for både innbyggjarane og næringslivsaktørane gjennom dei ulike strategiane som desse måla stettar. Arbeidet vil setje krav til alle kommunane i Møre og Romsdal, da det er desse som legg grunnlaget for eit effektiv samarbeid og den moglege veksten som fylket søker.



2.3 Kommunale føringar

Alle dei ovannemnde føringane gjeld også for kommunane som slikt sett er i botn av den norske styringsmodellen. Difor skal ikkje desse vert tatt opp att i denne delen, men eit par viktige kommunale planar og rapportar må presenterast i denne delen.

Folkehelse

Folkehelselova slår fast at folkehelsa skal vurderast i alle type saker som blir tatt opp i kommunane. Kommunen har plikt til oversyn over folkehelseutfordringane i kommunen, dette oversynet må leggast til grunn i det samla utfordringsbiletet. Denne plikta er også bakgrunnen for Folkehelseoversikta for Hareid kommune 2020, som mellom anna vert brukt som grunnlag for deler av utviklinga av den kommunens planstrategien 2020 – 2024.

Risiko og sårbarheit (ROS)

Kommunens ROS – analyse (04.11.16) kartlegg aktuelle hendingar og set desse opp i ei risikomatrise. Denne bakgrunnsinformasjonen er viktig å nytte i anna planarbeid, også i planstrategien. ROS-analysen til Hareid kommune ble rullert hausen 2016, og denne tek føre seg ulike hendingar og vurderer risiko knytt til desse. Målet til ei ROS-analyse er difor å skape eit heilskapleg risikobilete for å gjere samfunnet meir forbered og robust i møte med dei moglege scenarioa. I utfordringsrapporten til Hareid frå 2020 fremjast det at etter eit tilsyn av fylkesmannen i Møre og Romsdal i 2018 ble det avdekt at Hareid kommune ikkje har tilstrekkeleg mål, planar og strategiar for oppfølging av samfunnstryggleiken og beredskapsarbeidet med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen frå 2016. Analysen treng slikt sett å operasjonaliserast i andre planverk med konkrete tiltak for å hindre dei mest sannsynlege utfalla. Av naturlege forhold inkluderer desse steinsprang, kvikkkleireskred, flaum brann og sterk vind, der berre vassdragsflaum og orkan har høg sannsyn for å inntreffe og dei andre indikatorane er låge eller svært låge. Blant verksemderforhold finnes det middels sannsyn for at fleire av forholda inntreffer sidan desse baserer seg på menneskeskapte, -styrte eller -produserte forhold og produkt. Fleire av desse forholda vil inngå i kommuneplanens samfunnssdel for å auke tryggleiken, og i 2021 leggas det opp til en rulling av ROS-analysen. Under denne rullinga vil det vere viktig å gjere konkrete vurderingar av kommunens evne til å oppretthalde normal og/eller samfunnskritisk drift i dei ulike scenarioa.

2.4 Interkommunal samarbeid

Hareid kommune vart verande sjølvstendig etter kommunereforma 2020. Dette gjer velfungerande interkommunale samarbeid naudsynt for at alle dei kommunale tenestene skal halde den standarden som lovverket sett nasjonalt. Difor nyttar kommunen blant anna




sitt medlemskap i Sunnmøre regionsråd aktivt til å delta i ulike samarbeidsprosjekt. 7-stjerna (Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Vanylven, Ørsta og Volda) er truleg den viktigaste samarbeidsparten for Hareid i eit interkommunalt perspektiv, både i formelle og uformelle samarbeid. Hareid samarbeider allereie med fleire tilgrensande kommunar for å løyse mellom anna renovasjons-, brann-, pedagogiske-, psykologiske-, landbruks-, IKT- og barnevernstenestar. Hareid er vertskommune for NAV tenestene for Ulstein og Sande kommune, og samarbeider med desse i andre prosjekter også. Blant anna har Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven utarbeida eit marint grunnkart, og ein held no på å utarbeide ein interkommunal kystsoneplan. Målet med dette arbeidet er å skape ein grunndatabase for ein felles marin næringsplan for alle kommunane slik at regionen kan vekse snarleg og saumlaust i sjøarealet.

Summert opp løyer Hareid kommune fleire oppgåver og tenester i samspele med tilgrensande kommunar. Dette er eit krevjande arbeid i enkelte tilfelle, og innsparinga knytt til slike samarbeid er omstridde, men sett i lys av både NF og regionale planstrategien til Møre og Romsdal er slikt samarbeid og nettverksskaping ei ynskja utvikling i regionen. Gjeve at kommunen fortsett kan vere sjølvstendig bør det leggast vekt på å effektivisere desse samarbeida gjennom nye dialogsrundar og avtalar med dei aktuelle partane.

3.0 Plan og styringssystemet til Hareid kommune

Plansystemet vert brukt for å setje dei politiske måla og vedtak i eit system. Slik at tiltak enklare skal kunne settast i verk og prioriterast etter både nytte og effekt i det store utviklingsbilete. I Hareid kommune vert det arbeidd med å følgje opp lovverket frå PBL og andre føringer slik at planlegginga operera innanfor det kommunale planhierarkiet til figur 2. Som mange andre mindre kommunar med avgrensa ressursar har Hareid kommune slitt med å følgje opp dei fire- og eittårige rulleringane som systemet legger opp til. Eit slikt etterslep




Figur 2: Det kommunale plansystemet i Norge. Kjelde: ks.no



er problematisk og noko som det kontinuerleg vert arbeidd med å innhente. Per no er arealplanen nærmast ferdigstilt, folkehelseplanen blir ferdig innan slutten av 2020, og samfunnsdelen blir påbyrja i 2020. Det vil seie at planrulleringa i Hareid ikkje følgjar den normale rulleringa noko som også er uheldig sidan den informasjonen som planane er bygd på kan vere utdatert i forhold til den lokalpolitiske konteksten. Til dømes ved at nye versjonen av kommuneplanens arealdel blir basert på medverknad frå 2016. For i eit rullerande plansystem er det essensielt at databasen er oppdatert etter dei lokale forholda som både innbyggjarane og politikarene opplev og arbeidar med. Utan ein aktuell plan minkar sjansen for at planar nyttast aktivt i politikken, og dette kan gje uheldige utslag på den heilskaplege samfunnsutviklinga. Kommunar som Hareid treng difor ressursar nok til å halde planane sine oppdatert då dette er eit viktig punkt for samskapinga i kommunen. For i eit vel forankra og oppdatert plansystem der politikarene har eigarskap til planstrategiane, gjennom eit samarbeid med planleggarane i planprosessen, og der dei har kjennskap til detaljplanane, så kan lokal samskaping gjennomførast meir effektivt og heilskapleg. God communal planlegging handlar om å skape enkle, tilpassa og realistiske dokument som er tydelege slik at dei aukar gjennomføringsevna til dei råka aktørane. Dette oppnår ein best gjennom samarbeid og kommunikasjon med aktuelle aktørar, og for å halde desse planane aktuelle treng kommunar ressursar og rutinar for å føre ein kontinuerleg rullerande planprosess med jann medverking, klar arbeidsfordeling, tydelege prioriteringar, og gode kopplingar mellom dei ulike planverka.

Medan figur 2 viser kva planar som inngår i det kommunale plansystemet, og korleis dei ulike delane er kopla saman og vert rullert i eitt og fire årsintervalla, så syner figur 3 korleis koplingsprosessane mellom kommune-, plan og bygnings-, og folkehelseloven fungerer. Figur 3 tydeleggjer korleis folkehelseplanlegging bør forankrast innan den kommunale planprosessen, medan den inngår i dei fleste tema som kommuneplanane omhandlar. I Hareid kommune arbeidast det for at plansystemet følgjer desse koplingsprosessane.



Figur 3: Folkehelselovas rolle og forankring i dei ulike plandelane. Kjelde: kommunetorget.no



4.0 Utviklingstrekk og viktige utfordringar i Hareid kommune


Kva for nokon strategiar som kommunen legg vekt på, og har suksess med, avgjer i stor grad kor berekraftig lokalsamfunnet vert i framtida ved at mange tiltak treng økonomisk overskot for å realiserast. Berekraft nyttast her som ein tanke om alle dei faktorane som spelar ei rolle for at kommunen har eit overskot til å investere direkte i effektive berekrafttiltak. Desse inkluderer; folkehelse som eit grunnlag for å trygge menneskelege ressursar, eit trygt og tilrettelagt lokalmiljø for å sikre trivsel og kulturelle element, spreidd demografi for å sikre ein variert og jamn arbeidsstyrke, og næringsliv for å trygge økonomisk sikkerheit for arbeidstakarane og kommunen. Desse store grunnelementa treng klare strategiar som er bygd på samarbeid, kommunikasjon og einighet for at alle aktørane strekk seg mot dei same måla. I dei påfølgande delane vert grunnforholda for desse fire hovudforholda skildra til saman med ei liste av hovudutfordringane og det arbeidet som allereie er sett i gang for å handtere desse.

4.1 Demografisk utvikling i Hareid kommune

Berekningane for befolkningsutviklinga i Hareid kommune viser ei auke frå 5 139 i andre kvartal 2020, til 5 371 i 2030 og 5 501 i 2050 (khs.fhi.no). Dette tilsvarar ein svak, men stabil vekts dei neste tiåra. Årlege svingingar vil førekommme og er avhengig av ei rekke forhold. Det siste eksempelet på dette er Covid-19 pandemien og alle sideeffektane den har ført med seg på kommunalt nivå. For Hareid kommune gjer Covid-19 situasjonen seg synleg i form av ei fråflytting mellom første kvartal 2019 og andre kvartal 2020. All fråflyttinga skyldast nok ikkje berre dette, men truleg ein høg andel. For Hareid kommune sin vekst, som så mange andre kommunar, har dei seinaste åra vert styrt av arbeidsinnvandring. Innbyggartala auka mellom 2008 – 2018 med 338 personar og arbeidsinnvandring har vore avgjerande for denne veksten.

Befolkningsmodellen i figur 4 viser samansettninga av befolkninga i Hareid kommune fordelt på aldersgrupper og kjønn. Illustrasjonen viser ei lovande utvikling der det ikkje er store forskjellar mellom dei eldre generasjonane 40+ og dei yngre aldersgruppene. Tala tilsei at kommunen vil kunne ha ei berekraftig drift dei neste tiåra gitt at det sirklast arbeidsplassar for dei yngre generasjonane. I eit slikt perspektiv bør det fokuserast på strategiar med mål om å trygge at dei yngre generasjonane vender tilbake til kommunen etter avslutta utdanning etc. Modellen viser at det er nokre fleire menn enn kvinner i kommunen, men at denne trenden skiftar i dei eldre aldersgruppene frå +75 år. Dette henger saman med at kvinner har ein høgare gjennomsnittsalder enn mennene.





Figur 4: Befolkningsmodell med aldersfordeling for Hareid kommune per januar 2020. Kjelde: ssb.no

I gjennomsnitt lever kvinner i kommunen 84,6 år om ein legg berekningar frå 2004 – 2018 til grunn, medan mennene lever i snitt 78,9 år (khs.fhi.no). Veksten blant dei eldre generasjonane 65+ er venta å stå for 23,4% av auken innan 2030, og 29,6% innan 2050 (khs.fhi.no). Dette tilsvarar nærmast ei dobling av dei eldre i løpet av dei neste 20 – 30 åra, og er ein kjent utfordring som vil auke belastninga på enkelte av kommunens tenester. Gjennomsnittsalderen i Hareid kommune vil slik sett auke, men med ein tilstrekkeleg vekst av nyfødde og tilflyttarar årleg vil kommunen truleg ha ein berekraftig arbeidsbase for å drifte kommunen i møte med eldrebølga (meir info i kap. 4.4.). I forhold til berekraftutvikling treng kommunen ein klar dialog med innbyggjarane, og moglegheit til å informere dei om kva for nokon tiltak kommunen set i verk i sine planar og kva for nokon grep dei som innbyggjarar kan ta føre seg i sine eigne hushald. Til dømes tiltak knytt til energibruk, oppvarmingskjelder og forbruksvanar. For i Hareid kommune sin klimaplan frå 2009 skildrast det at eit overordna mål er å føre fram ei berekraftsatsing i alle nivå i samfunnet, det vil seie ei heilskapleg omstilling med hjelp frå privatpersoner, private næringer og ulike offentlege verksemder.

Hovudutfordringar

- Trygge tilflytting og auke etablering av folk i aldersgruppa under 60 år.
- Trygge tilbakeflytting av dei yngre generasjonane etter avslutta utdanning
- Auke andelen hushald som investerer i berekraftig energi- og oppvarmingstiltak.
- Trygge attraktive nærområde, tenester og arbeidsplassar i framtida
 - Attraktive sentrumsområder med fleire kulturelle tilbod for alle dei demografiske sjikta
 - Ordningar og tenester som gjer at etablering i kommunen er attraktivt.
 - Mangfoldige og sikre næringer med eit breitt fagfelt



Døme på kva som vert gjort for å møte utfordringane


- Kontinuerleg utbygging av infrastruktur og tilrettelegging av byggeklare tomter i alle krinsar til både private og offentlege verksemder.
- Oppdatering av reguleringsplanar
- Heilskapleg område- og tettstadsutvikling – til dømes Kjøpmannsgata
- Igjennom prosjektet ”Vekst i Hareid” satsast det på vekst- og utviklingsstrategiar som kan auke kommunens generelle attraktivitet.
- Gjennom ulike lokale og digitale medium informerer kommunen om forskjellege ”berekrafttiltak” som hushalda i kommunen kan og bør nytte seg av.

4.2 Næringsliv og kompetanse

Hareid kommune har historisk eit mangfaldig næringsliv som har utvikla seg i takt med naturforholda, marknaden og teknologien. Kommunen har eit variert lokalt handelsmiljø, ulike formar for landsbruksdrift, samt eit breitt produksjonsmiljø som leverar komponentar og varer til ein rekke forhandlarar. Desse har i lengre tid vore berekraftige, men ettersom marknaden og teknologien har vore i endring dei siste ti åra har store deler av næringa blitt ein del av den maritime omstillingsskrisa. Dette har vore merka godt i lokalsamfunnet ved at fleire arbeidsplasser har blitt lagt ned det siste tiåret og mange har vore arbeidsledige i periodar. Lav sysselsetjing er ei grunnleggande utfordring for eit samfunn og skapar ein rekke negative sosial-økonomiske sideeffektar for både offentleg og privat sektor, samt privatpersonar og hushald som direkte får mindre valfreiheit og moglegheiter i kvardagen.

For å avgrense desse utfalla har kommunen i samspel med næringslivet og fylket satt i gong eit toårig prosjekt kalla ”Vekst i Hareid” der fokuset er på ”...å legge grunnlag for næringsutvikling, og auke verdiskapninga i bedriftene”. Prosjektet er eit samarbeid mellom kommunen og Hareid næringsforum, og skal byggast på kvalitetar og moglegheitene som finnast i regionen. Målet er å føre fram tiltak som koplar eksterne og lokale aktørar saman for å skape ein sysselsetjingseffekt for heile Hareid kommune. Lokal forankring, innovasjon og vekst er nøkkelord som skal mogleggjera gjennom samarbeid med kompetanseklyngar, næringslivet og den offentlege forvaltninga. Ein av strategiane til prosjektet er å gje det lokale næringslivet eit imageskifte. Det vil seie å utvide næringssektorane, frå å ha hovudvekt på maritim industri som shipping, olje og gass, til å bli kategorisert som eit ”havrom”-basert næringsliv som inneholder fleire moglege innovasjonsretningar, slik som biletar under illustrerer. Satsinga innanfor desse felta vil forhåpentlegvis vidare gjere Hareid til ein attraktiv bustadkommune, som vil tilføre meir kompetanse etter kvart som veksten og konkurransekreftane til kommunen aukar.





Figur 5: Visar dei områda som inngår i Havrom satsinga. Kjelde: Julie Sundgot Andersen

Den auka kompetansen vil i første omgang vere innhenta frå andre stadar, men med tida finns det visjonar om eit eige forskings- og skulesenter i Hareid. Dette senteret vil i framtida gje barn og unge både innsikt og tilknyting til lokale verdiar og arbeidsmoglegheitene som eksisterer i kommunen ved at ungdomsskulen samarbeider med senteret. På sikt aukar denne strategien sjansen for at dei yngre generasjonane vender tilbake til heimkommunen etter avslutta utdanning. Dette prosjektet kan difor gje ein rekke positive sideeffektar som påverkar dei andre underkapitla i kapittel 4.

“Vekst i Hareid” kan bli eit omstillingsspringbrett for Hareid kommune som kan bidra til å hjelpe den pressa økonomien, som skildrast i økonomiplanen for 2019 – 2022, som synar at ein må gjennomføre store innsparinger dei neste åra på grunn av auka driftskostnadene. I eit kortsiktig perspektiv derimot treng kommunen å gjennomføre effektiviseringsprosessar som tek for seg innsparinger innanfor tenestene og den interne drifta til kommunen. Slike tiltak er i tråd med den klimaplanen frå 2009 som fokuserer mellom anna på energiinnsparinger internt. Hovudmålet til Hareid kommune er ein strategi som tryggar ein sunn økonomi med 1,75% driftsoverskot dei kommande åra. Arbeidet med desse strategiane er svært viktige for å sikre Hareid kommune sin berekraft og robustheit i framtida. For den effekten som blant anna Covid-19 situasjonen har på dei ulike næringane som er forankra i kommunen allereie er uviss. Dette skyldast at fleire av desse aktørane arbeidar med langsiktige kontraktar som

leverandørar av visse produkt og at effekten av Covid-19 ikkje vil bli synleg før utover 2021. Difor er det viktig at kommunen lykkas med den nye næringssatsinga si både på kort og lang sikt.

Hovudutfordringar

- Trygge den økonomiske situasjonen i kommunen gjennom næringsvekst
- Legge til rette for nyetableringar og fleire næringar
- Sikre effektivt privat-offentleg samarbeid med fellesvisjonar for lokal utvikling
- Trygge eit mangfald av arbeidsplassar, vere ein attraktiv bustadkommune
- Sikre at fleire av innbyggjarane arbeider i bedrifter innanfor kommunen.

Døme på kva som vert gjort for å møte utfordringane

- Næringsstrategien "Vekst i Hareid" bidreg både direkte og indirekte i arbeidet med alle dei nemnte hovudutfordringane
- Kommunen regulerer og bygg ut kontinuerleg tomter til ulikt formål
- Kommunen arbeider for å skape eit attraktivt og trygt miljø innan kommunens fire krinsar

4.3 Areal, miljø og klima planlegging

Hareid kommune har i tråd med både nasjonale og regionale føringar som mål å innarbeide eit klart berekraftfokus i denne komande fireårsperioden. Kommunen utarbeidar i samspel med berekrafttematikken langsiktige planar som legg opp til meir effektiv arealbruk og tenester. Klimaplanen frå 2009 er moden for rullering. I desse planane kjem det fram at kommunen hadde som mål å satse på blant anna auka energieffektivitet på kommunen sin eigendomar og bygg gjennom ulike fornybare energikjelder. I [kostra](#) tala til SSB og [Enova](#) sine tal vert det synleg at omstillingsarbeidet har utvikla seg sakte. Til dømes har ikkje måla om auka bruken av bioenergi eller fjernvarme blitt følgt opp, for dei står framleis på 0% i kostra-tala. All energi i kommunen er basert på fornybare energikjelder frå Tussa vasskraftverk, og i forhold til energiutgifttala frå Kostra var desse synkande mellom 2018 og 2019 ([kostra.no](#)), noko som tyder på ein viss endring eller effektivisering av energiforbruket. På Enova sine sider viser tala frå kommunen at det dei siste 5 åra har vore 51 saker som er knytt til dei ulike tiltaka dei gjer støtte til. Dei fleste dreia seg om luft-til-vass varmepumper og ventilasjonssystem for eit balansert inneklima. Tilskotsordninga til Enova kan gje store priskutt på klimavennlege investeringar for både private bustader og bedrifter. Eit effektiv og rimeleg berekrafttiltak for kommunen er å aktivt informere innbyggjarar og lokale aktørar om desse.



Tala frå miljødirektoratet og klimaplanen 2009, i tabell 1, viser vidare at det totale utsleppet av CO₂ ekvivalentar i tonn per år har svinga mykje i Hareid kommune dei siste 30 åra (miljodirektoratet.no). Blant dei ulike kategoriane som utgjer statistikken til miljødirektoratet, er det tydeleg at sjøfart har hatt ein enorm utsleppsvekst frå 2015. Tala viser eit auka utslepp frå 9549 (tonn per år) i 2015 til 21740 (tonn per år) i 2017, noko som gjer denne kategorien til den avgjerande faktoren for kommunens totale utslipp. I metode rapporten til desse berekningane vert det klargjort at tala er basert på en automatisk identifikasjonstransponer (AIS) i ulike fartøy på over 15 meter. Desse mottar GPS signaler som dannar eit grunnlag for kommunars utsleppsestimat. Berekningane må tolkast med omsyn for både tala på fartøy med AIS, og registreringsmaster langs kysten har auka a det siste tiåret, og det var først i 2016 at utsleppa til "boilers" i hamnene blei med i berekningane. Alle disse faktorane skapar eit urealistisk bilet av den faktiske utsleppsauka i Hareid kommune.

ÅR	CO ₂ EKVIVALENTAR I TONN
1991	13091
2006	19045
2011	15925
2013	15336
2015	14969
2016	21627
2017	26628
2018	24909

Tabell 1: Visar utslepte CO₂ Ekvivalentar (tonn) per år. Kjelde: miljodirektoratet.no

I klimaplanen frå 2009 blei det også fremma eit ynskje om å etablere eit klimasamarbeid mellom det offentlege og det private næringslivet. Prosjektet "Vekst i Hareid" er ei slik satsing, og gjennom gode samarbeidsprosessar kan dette lede til fellesvisjonar og effektiv utvikling i kommunen dei neste åra. Hareid er eit knutepunkt på Sunnmøre og ei vidare satsing innan smarte kollektivløysingar og heilskaplege utbygningsplanar vil auke attraktiviteten til kommunen. Allereie har kollektivtransporten blitt styrka lokalt og regional i form av både bussar og ferjer, og gjennom parkeringsreguleringane har kommunen sett ei klar endring i pendlevanene til arbeidaren i regionen. Ei anna satsing som det er ytra eit ynskje om, frå både det offentlege og det private, er havmiljø, og korleis ekspansjonen ut i havrommet skal gjennomførast miljøvennleg og trygt. Tryggleik for både lokal ressursane og nærmiljøet har mykje å seie for berekrafta til dei nye og etablerte næringane, og difor treng kommunen å lage ein klar leietråd når det gjeld forsøpling, avfallshandtering og plastforbruk. All plastforsøpling har enorme konsekvensar for dei lokale havmiljøa rundt på heile kloden, og tal viser at mellom 8-12 millionar tonn plast hamnar i havet kvart år (miljodirektoratet.no). Som ei øy-kommune med lange historiske røter ut i havet er det difor viktig for både identiteten og næringslivet i kommunen at ressursane i havet vert bevara og nyttja på ein berekraftig måte i åra framover.

Hovudutfordringar

- Arbeide med å senke utsleppa frå dei tre størst utslepps kategoriane; sjøfart, vegtrafikk og jordbruk



- Auka samarbeid og kommunikasjonen med aktuelle aktørar i hamnene og ved gardane
- Leggje press på aktuelle leverandørar for å sikre ein berekraftig produksjons- og innkjøpsline
- Auke andelen private aktørar som investerer i fornybare energitiltak gjennom Enova
- Leggje til rette for vaneendring i lokale hushald som er knytt til reise- og forbruksvanar
- Trygge ein heilskapleg arealplanlegging som støttar opp under ein berekraftig samfunnsutvikling som gir auka livskvalitet for innbyggjarane
- Arbeide for ein bevisst berekraftstrategi for kommunens framtidige næringsutvikling, da spesielt i havrommet
- Arbeide førebyggande med sikring av samfunnsverdiar i samsvar med ulike fenomen som framstillas i ROS-analysen av 2016

Døme på kva som vert gjort for å møte utfordringane


- Det samarbeidast med aktørar innan ulike næringslivssektorar for å senke energi og forbruksavtrykket hos lokale aktørar
- Det informerast gjennom kommunens mediekanalar om ulike tiltak som privatpersonar kan og bør gjere i kvardagen.
- Rullering av ROS-analyse for å trygge samfunnstryggleiken startar i 2020
- Hareid kommune har gjennomført fleire flaumtiltak som avskjerande kanalar for overflate vatn, samt ein kontinuerleg oppgradering av leidningsnettet

4.4 Levekår og folkehelse

Folkehelseloven §1 gjer det tydeleg at alle kommunar i Norge skal som ein del av sin samfunnsutvikling fremme folkehelse og utgjevne sosiale helseforskjellar lokalt. Desse vikåra gjelder både for private og offentlege verksemder, og grip over alle sektorane i samfunnet. Fokusområda er lokalbefolkinga sin helse, trivsel og sosiale tilhøyring, samt miljømessige forhold som påverkar ulike sjukdomsbilete. Under §4 klargjer kommunens ansvarsområde som ein aktør som skal fremme befolkningas helse gjennom ulike tiltak som førebyggjar psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, og bidra til utjamning av sosiale helseforskjellar. Øvrige tiltak skal fremjast gjennom lokal utvikling, planlegging, forvaltning og tenesteyting. Folkehelse er slikt sett eit viktig satsingsområde, og evna kommunen har til å planlegge langsiktig og arbeide målretta til saman med private aktørar vil vere avgjerande for ei positiv samfunnsutvikling.



Alle forholda i figur 6 skapar ulikskaper i ei kommune, og gjennom folkehelseplanen er det kommunens jobb å identifisere dei kritiske utfordringane som bør prioriterast i gjeldanda planperiode. Folkehelsa i Hareid kommune er prega av fleire nasjonale helsetrendar. Kommunen vil, som nemnt under demografikapittelet, oppleve ein vekst blant dei eldre aldersgruppene og eit mogleg fall i dei yngre aldersgruppene med mindre attraktivitetsstrategiar setjast i verk dei kommande åra. Fleire eldre gir høgare driftskostnadar og belastning på dei kommunale tenestane. Men med i berekninga bør det nemnast at dei som vert rekna som eldre i framtida vil vere eldre på heilt andre vilkår enn dei som er eldre no. Fleire av dei vil ha høgare utdanning, ha levd sunnare liv, ha sterkare eigenøkonomi og annan teknologi til å gjere kvardagen enklare. Noko som er faktorar som kan avgrense belastninga som eldrebølga har på kommunane, men desse faktorane er avhengig av at innbyggjarane har moglekeit til å leve tilfredse, lykkelege og aktive liv. Folkehelselova inneholder alle desse forholda, og som figur 6 illustrerer eksisterer det ein rekke påverkingsfaktorar.



Figur 6: Påverkingsfaktorar for helse, Dahlgren & Whiteheads modell frå 1991. Kjelde: ks.no

Som nasjonalt er fysisk inaktivitet også ei utfordring i Hareid kommune. Eit sunt kosthald og regelmessig fysisk aktivitet er kjende forhold som tryggar grunnlaget for ei god helse ved at ein minskar risikoen for hjarte- og karsjukdomar, ulike formar for kreft, overvekt og type 2 diabetes. Datagrunnlaget frå folkehelseplanen indikerar at Hareidsdølar, som nordmenn flest, har potensial til å leve sunnare dersom dei legg om nokon av vanane sine. Sjølvrapporterte tal frå førstegongssesjon og svangerskapskontroll indikerar at overvekt er ei aukande utfordring blant dei aldersgruppene under 40 dei seinaste åra, men det bør poengterast at desse talla er basert på KMI indeksen og den kan kategorisere menneskar med mykje musklar som overvektige også. Ut frå tala i Ungdata undersøkinga skildrast det eit bilet av eit lite ungdomssamfunn der dei fleste har ein fortruleg venn og eit viss sosialt nettverk, men ein manglande moglekeit til å sosialisere med desse med mindre dei deltek i ein frivillig organisasjon eller eit idrettslag. Tilbodet kan synast å vere for smalt for mangfaldet av ungdomar i kommunen og dette til saman med bieffektar frå auka digitalt sosialt samvere legg noko av grunnlaget for at 26% melde om einsemd i ulik grad. Frå same undersøking melde forøvrig 72% at dei er fornøyde med eiga helse, noko som er litt over både regions- og landsgjennomsnittet på høvesvis 68% og 70%, noko som betyr at små



justeringar på enkeltområder vil gjere mykje for folkehelsa til dei unge. I folkehelseprofilen til [fhi.no](#) tydeleggjerast desse forholda i eit folkehelsebarometer som kan nyttas i samspel med folkehelseplanen 2020 når strategiar for denne demografien skal leggjast.

Når det gjeld vaksne og eldre finns det svært lite data om deira kosthaldsvaner, trivsel og tilhøyring. Inntektstala derimot gjer eit bilet på levekåra til hushalda ved at økonomi er ein grunnleggende påverknadsfaktor for folks evne og motivasjon til å leve aktive og sunne liv med måtehald knytt til avhengigheitskapande rusmidlar. Utdanningsnivå, arbeidskvardag og inntekt har mykje å seie for levekåra, og legg på mange måtar premissa for den psykiske tilstanden til innbyggjarane. I Hareid viser utdanningstrendane mellom 2014 – 2018 at det er fleire som tek høgare utdanning, men at denne andelen, på 35% i 2018, framleis er lågare enn i regionen (42%) og landet forøvrig med 42% ([khs.fhi.no](#)). Innanfor gruppa med grunnskule som høgaste utdanning er tala stabile på 22% for alle dei gjeldande åra, som er noko høgare enn landsnivået. I forhold til både næringsstrategiane og folkehelsa vil Hareid vere tent med å auke andelen med høgare utdanning sidan dette vil sikre lokal kompetanse samtidig som det vil betre fleire av grunntilhøva i den lokale folkehelsa.

Hovudutfordringar

- Ivareta folkehelsa og avgrense livsstilssjukdomar gjennom aktivisering og tilrettelegging av ulike tilbod for dei ulike demografiene
 - Skape program og tilbod som engasjera innbyggjarane til å leggje om kvardagsvanane sine som kan ha negativ innverknad på helsa deira
- Arbeide førebyggande med mentale helseutfordringar blant dei ulike demografiene gjennom profesjonelle helsetenestar og uformelle sosialiseringstilbod
- Utarbeide internkontroll og kvalitetssiktring av forskriftene i folkehelseloven
 - Trygge eit miljøretta helsevern innan arbeidslivet i kommunen
- Arbeide med å skape eit eldrevennleg samfunn
- Utforme attraktive områder i krinsane rundt i kommunen som skaper bånd mellom folk, stadur og aktivitetar slik at sosiale nettverk og nye kulturelle uttrykk får utvikle seg. Slikt som heilskapleg fleirbruksutforming av gatar, parkar og andre fasilitetar.

Døme på kva som vert gjort for å møte utfordringane

- Det byggast eit nytt helsecenter i kommunen
- Ungdomsklubben har blitt opna i etterkant av Ungdata undersøkinga
- Det arbeidast kontinuerleg med å utforme sentrumsområda til fleirbruksareal
- Idrettsforeininga held ved like og utviklar det lokale tilbodet i kommunen



4.5 Kommunale tenester i Hareid kommune og organisasjonen

Dei kommunale tenestene i Hareid kommune er organiserte innan 4 sektorar:

- **Sentraladministrasjonen**, med ansvar for drifta av dei sentrale stab- og støttetenestene i kommunen som er knytt til organisasjon, økonomi og politikk.
- **Læring og kultur**, med ansvar over flyktnings- og vaksenopplæringa, biblioteket, kulturskulen, barnehage- og grunnskuletenestene, samt kommunens kulturtilbod.
- **Samfunnsutvikling**, med ansvar for betring av folkehelsa, samt forvalting og utvikling av både infrastrukturtenestene, eigendommane og arealet i kommunen.
- **Velferd**, med ansvar for tildeling, koordinering og oppfølging av helse- og omsorgstenester som innbyggjarane har rett på ut ifrå fleire lovverk.

Planprogrammet for kommeuneplanens samfunnsdel og økonomi- og handlingsprogrammet 2020 – 2023 inneheld fire hovudmål som sett store forventingar til sektorane i kommunen. Samanfatta er dei fire måla at Hareid kommune ynskjer å vere:

- Ein attraktiv bu- og utviklingskommune
- Ein triveleg og trygg kommune som gjer gode oppvekst og levevilkår
- Ein allsidig og mangfaldig kommune med utvikling og trygge arbeidsplassar
- Ein kommune med sikre og oppdaterte tenestar som treff dei lokale forholda

Desse setter store krav til kommunens organisasjon ved at dei inneheld komplekse og samanhengande utfordringar som krev ein organisasjon med klare roller og velsmurde prosessar for å sikre ei effektiv samskaping. Difor ligg visjonen ”LOSEN 2025” til grunn for dette handlingsprogrammet, og den sei at kommunen har som målsetting å vere ein god forvaltningskommune som arbeider etter LOSEN-prinsippet:

Lærande
Organisasjon med
Samskaping og
Energisk
Nyskapning
mot 2025

Ei stor utfordring i Hareid kommune er å senke driftsnivået samstundes som ein skapar vekst i kommunen. Korleis skal færre ressursar nyttast samstundes som ein førar fram ei utvikling? Truleg vert dette ei av hovudutfordringane for rådmannen og leiargruppa dei komande åra. I økonomi- og handlingsprogrammet gjerast det tydeleg at løysinga i første omgang vil vere i form av ein omfattande effektiviseringsprosess mellom og innanfor alle einingane til organisasjonen. Her vektleggast kostnadsreduserande tiltak og effektivisering av drifta til kommunen. I tillegg undersøker alle sektorane kva for nokon tiltak dei kan gjennomføre internt, mellom anna skal fleire digitaliserast for å gjere arbeidskvardagen meir effektiv og



for å betre samarbeidsevna internt i organisasjonen. Desse satsingsområda synast godt i statusrapportene til dei fire sektorane som samanfattas i hovudutfordringane under.

Hovudutfordringane til:

- **Sentraladministrasjonssektoren** – handlar om korleis ein skal omstille sektoren for å bidra i innsparings- og samarbeidsarbeide internt i kommunens organisasjon. Fokuset her er betre kompetanse for å skape auka effektivitet.
- **Læring og kultur sektoren** – er knytt til vedlikehald og utbetring av dei fysiske og sosiale miljøa ved barnehagar og skular i kommunen for å auke trivselen til borna og kvalifiserte tilsette. Fokuset er her på tiltak som sikrar mellom anna nasjonale bemanningsnormar.
- **Samfunnsutviklingssektoren** – er eit betydeleg vedlikehaldsetterslep på dei kommunale formålsbygga, og eit forbetringspotensial for meir samarbeid og – handling mellom einingane i sektoren for å auke driftsoppgåveeffektiviteten.
- **Velferdssektoren** – handlar om økonomitiltak og førebuing av meirforbruk slik at drifta til sektoren vert meir balansert og berekraftig. For å lykkast med omstellingsarbeidet treng sektoren eit fokus på innovasjon, fagkompetanse og strategisk planlegging innan dei ulike tenesteoppgåvene.

Dømes på kva som vert gjort for å møte utfordringane:

- **Sentraladministrasjonssektoren** – utarbeider og vurderer potensielle gevinstar ved å styrke arbeidet med HMS/fråvær og innkjøp, samt ein digitalisering og sentralisering av økonomi og administrative oppgåver.
- **Læring og kultur sektoren** – vurderer fleire interne tiltak for å skape ein meir kostnadseffektiv drift og eit endå betre læringsmiljø ved dei ulike avdelingane på sikt. Dei vurderer både å utvikle sektorovergripande tiltak som gjer at ein slepp tiltak frå barnevern og PP – tenester, og å styrke det interkommunale samarbeidet for å løyse oppgåver meir effektivt i framtida.
- **Samfunnsutviklingssektoren** – ynskjer å etablere ein vedlikehaldsplan og på sikt eit fond for å sikre betre vedlikehaldsrutinane i kommunen sidan dette vil leie til store innsparingar på sikt. Sektoren har som mål å vere ein ressurs til dei overordna planverktøya for å betre samordne og utvikle den heilskaplege samfunnsutviklinga i kommunen.
- **Velferdssektoren** – arbeider med vurdering og tildeling av helse-, pleie-, og omsorgstenestar, samt omstilling, koordinering og oppfølging av tiltak for å effektivisere dei ulike einingane i sektoren.



Plan	Kategori	Status	Neste rullering	Aktivitet	Ansvarleg sektor
Plan og utvikling					
Marin næringsanalyse	Interkommunalt	2018 ->		Gjeldande	Samfunns utvikling
Interkommunal kystsoneplan	Interkommunalt	2020 -		Under arbeid	Samfunns utvikling
Planstrategi	Overordna	2020 – 2024	2024	Gjeldande	Samfunns utvikling
Kommuneplanens arealdel	Overordna	2020 – 2032	Må vurderast i neste planstrategi	Under arbeid	Samfunns utvikling
Kommuneplanens samfunnssdel	Overordna	2021 – 2032	Må vurderast i neste planstrategi	Under arbeid	Samfunns utvikling
Beredskapsplan (inkl. delplanar og ROS-analyse)	Overordna	Revidert 2016	2021	Gjeldande	Samfunns utvikling
Klimaplan	Kommunedelplan	2009 -	2021	Gjeldande	Samfunns utvikling
Kultur					
Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet	Kommunedelplan	2017 – 2021	2021	Gjeldande	Læring og kultur
Kulturminneplan	Kommunedelplan	2016 -		Gjeldande	Læring og kultur
Intern organisasjon					
Målbruksplan	Temaplan	2014 -		Gjeldande	Sentralad ministrasjonen
Alkoholpolitisk handlingsplan	Temaplan	2020-2024	2024	Gjeldande	Sentralad ministrasjonen
Kommunal infrastruktur					
Hovudplan for avløp og vassforsyning	Kommunedelplan	Ny	2021	Komande	Samfunns utvikling
Hovudplan for avløp	Sektorplan	2007	Utgår	Gjeldande	Samfunns utvikling
Hovudplan for vassforsyning	Sektorplan	Ukjent	Utgår	Gjeldande	Samfunns utvikling



Trafikktryggingsplan	Kommunedelplan	2007		Under arbeid	Samfunns utvikling
Eigarstrategi for bygg	Temaplan	2020 ->		Gjeldande	Samfunns utvikling
Vedlikehaldsplan	Temaplan	Ny	2021	Komande	Samfunns utvikling
Oppvekst					
Kompetanseplan for skulane	Temaplan	2017 -		Gjeldande	Læring og kultur
Skulebruksplan	Temaplan	2014 -		Gjeldande	Læring og kultur
Plan for symjeopplæring	Temaplan	2017 -		Gjeldande	Læring og kultur
Rammeplan for barnehage	Temaplan	2017 -		Gjeldande	Læring og kultur
Kompetanseplan for barnehage	Temaplan	2017 -		Gjeldande	Læring og kultur
Kvalitetsplan for oppvekst	Sektorplan	2016 – ny forskrift frå 2020	2021	Gjeldande	Læring og kultur
Helse og omsorg					
Kompetanseplan	Sektorplan	2015		Gjeldande	Velferd
Hovudplan for Pandemi	Temaplan	2020		Gjeldande	Velferd
Plan for helsemessig og sosial beredskap	Overordna	2017 -		Gjeldande	Velferd
Omsorgsplan	Temaplan	2017 -		Gjeldande	Velferd
Folkehelseoversikt	Overordna	2020–2024		Rullering	Samfunns utvikling
Bustadssosial handlingsplan	Sektorplan	2011 ->	2021	Gjeldande	Velferd
Smittevernsplan	Temaplan	2020–2024	2020–2024	NY	Velferd
Handlingsplan for velferdsteknologi	Temaplan		2020	NY	Velferd
Tilsynsplan for miljøretta helsevern	Temaplan	2021–2024	2021–2024	Ny	Velferd



Kjelder

Nasjonale forventningar 2019
Regional planstrategi Møre og Romsdal 2020 – 2024
Planstrategi for Utstein kommune 2020 – 2024
Planstrategi for Hareid kommune 2016 - 2020
Utfordringsbiletet for Hareid kommune 2019 – 2024
Folkehelseoversikt for Hareid kommune 2020 – 2024
Økonomi- og handlingsprogram 2020 – 2023
Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Hareid kommune 2016
Klimaplan for Hareid kommune 2009 – 2013, (revidert 2017)

Statistikk

<http://khs.fhi.no/webview/>

<https://www.ssb.no/kommunefakta/hareid>





HAREID KOMMUNE

